


Høgskulen på Vestlandet

Periodisk tilsyn med systematisk kvalitetsarbeid

25. oktober 2019



NOKUTs formål er å sikre og fremje kvalitet i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Eit av verkemidla som NOKUT nyttar i dette arbeidet er å føre tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved institusjonane. Alle norske universitet og høgskular skal ha tilfredsstillande interne system for kvalitetssikring av utdanningane. Kvalitetsarbeidet skal gje institusjonane tilstrekkelig kunnskap for å kunne vurdere kvaliteten på studietilboda, avdekke eventuell sviktande kvalitet og medverke til forbetringar. Det skal ikkje gå meir enn åtte år mellom kvart tilsyn. Institusjonane blir varsle om tilsynet minst seks månadar før tilsynet startar.

Institusjon:	Høgskulen på Vestlandet
Sakkunnige:	Julia Holte Sempler, Anders Axelsson, Anne Merete Aass og Bendik Deraas.
Dato for vedtak:	25. oktober 2019
NOKUTs saksnummer	[18/06841]

Forord

Denne tilsynsrapporten har to delar. Del 1 inneholder rapporten fra den sakkunnige komiteen og del 2 inneholder Høgskulen på Vestlandet (HVL) si fråsegn til den sakkunnige rapporten. Begge desse dokumenta låg til grunn for handsaminga i NOKUTs styre 25. oktober 2019, der følgande vedtak vart fatta:

Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen på Vestlandet har enkelte manglar. Høgskulen på Vestlandet må rette opp manglane påpekt i studietilsynsforskriften § 4-1 (3). Frist for oppretting er 01.06.2020.

Den sakkunnige komiteen som har vurdert det systematiske kvalitetsarbeidet ved HVL har hatt følgande samansetjing:

- Seniorrådgjevar Julia Holte Sempler, Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet, leiar for komiteen
- Professor emeritus Anders Axelsson, Lunds Universitet
- Professor Anne Merete Aass, Universitetet i Oslo
- Student Bendik Deraas, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU)

Vurderingane i tilsynsrapporten er tufta på skriftleg dokumentasjon fra institusjonen og besøk ved institusjonen 1.-2. april 2019. Komiteen leverte sin rapport 21. juni 2019.

Seniorrådgjevar Åsne Kalland Aarstad og rådgjevar Eirin Kristiansen har vore NOKUT sine saksarbeidalar for tilsynet. NOKUT ynskjer å takke den sakkunnige komiteen for vel utført arbeid. NOKUT vil også takke alle tilsette og studentar ved HVL som har medverka i tilsynet.

Oslo, 25. oktober 2019

Terje Mørland

Innhald

1	Om tilsynet ved Høgskulen på Vestlandet	1
2	Om Høgskulen på Vestlandet og organisering av kvalitetsarbeidet	2
	<i> Om Høgskulen på Vestlandet.....</i>	<i> 2</i>
	<i> Organisering av kvalitetsarbeidet</i>	<i> 2</i>
3	Vurderingar og konklusjonar for dei enkelte krava i § 4-1. Krav til det systematiske kvalitetsarbeidet	4
	§ 4-1 (1)	4
	§ 4-1 (2)	6
	§ 4-1 (3)	9
	§ 4-1 (4)	12
	§ 4-1 (5)	14
	§ 4-1 (6)	15
4	Komiteens overordna konklusjon for det systematiske kvalitetsarbeidet ved HVL	16
	Konklusjon.....	16
	Manglar som må rettast opp	16
5	Vedlegg	17
	Råd til vidareutvikling av det systematiske kvalitetsarbeidet ved HVL	17
6	Fråsegn frå institusjonen.....	18

1 Om tilsynet ved Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) vart 1. november 2018 bedt om å dokumentere korleis kvalitetsarbeidet ved institusjonen oppfyller gjeldande krav i lov og forskrifter. I tillegg til krav om dokumentasjon på kvalitetsarbeidet på institusjonsnivå valde NOKUT å føre tilsyn med kvalitetsarbeidet ved følgande studietilbod:

- Bachelor Vernepleie, Sogndal
- Bachelor Sjukepleie, heiltid Bergen
- Bachelor Nautikk, Haugesund
- Bachelor Økonomi og administrasjon, Bergen
- Master Grunnskolelærarutdanning trinn 1-7, Stord
- Master Samhandling innan helse- og sosialtenester, Førde
- Master Programutvikling, Bergen
- Master Organisasjon og leiing, Sogndal/Bergen
- Master IKT i læring, Stord
- Ph.d. Danning og didaktiske praksisar, Bergen

HVL sendte inn dokumentasjon til NOKUT den 15. februar 2019 og ettersendte tre dokument i mars 2019 på førespurnad frå den sakkunnige komiteen.

Institusjonsbesøket ved HVL vart gjennomført 1. og 2. april 2019. Den sakkunnige komiteen intervjuva øvste leiing ved institusjonen, alle dekanar, representantar frå styret, det sentrale utdanningsutvalet, ph.d.-utvalet, læringsmiljøutvalet, campusrådet på Stord, emneansvarlege, studieprogramansvarlege, studentar med og utan tillitsverv, og ulike sentraladministrative funksjonar. Institusjonsbesøket fann stad på Campus Kronstad og på Campus Stord.

Vurderingane i tilsynsrapporten er tufta på dokumentasjon motteke frå institusjonen, intervju og supplerande dokumentasjon. Oversikt over den skriftlige dokumentasjonen er tilgjengeleg i NOKUTs offentlege postjournal.

Språklege presiseringar:

- HVL nyttar omgrepet studieprogram der NOKUT nyttar omgrepet studietilbod. Denne rapporten gjer bruk av omgrepet studietilbod med unntak av direkte siteringar frå den skriftlege dokumentasjonen innsendt frå HVL.
- Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning, forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning og lov om universitet og høyskoler er alle skrive på bokmål. Sitering frå lov eller forskriftstekst vil derfor ikkje omsettast til nynorsk.

2 Om Høgskulen på Vestlandet og organisering av kvalitetsarbeidet


Om Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) vart etablert 1. januar 2017 og er eit resultat av fusjonen mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), Høgskolen i Bergen (HiB) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH). Høgskulen hadde 16 000 studentar i 2018 fordelt på 5 campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

HVL har ein tydeleg profesjons- og arbeidsretta profil, og har universitetsambisjonar.

HVL si studieportefølje tel 42 bachelorprogram, 35 masterprogram, 4 ph.d.-program, ei fagskuleutdanning og ei rekke etter- og vidareutdanninger. Institusjonen har fire fakultet: Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS), Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN) og Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS). Fakulteta er organiserte på tvers av campus.

Det er styret som er det høgste avgjerande organ ved HVL, og styret leiaast av Arvid Hallén. Berit Rokne er tilsett rektor ved HVL og er øvste faglege og administrative leiar.




Bilete frå HVL.no

Organisering av kvalitetsarbeidet

HVL vedtok rammeverket for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane i november 2018. Fram til då hadde prinsipp og rutinar frå kvalitetssikringssistema ved dei tidlegare høgskulane blitt brukt i den nye institusjonen. Kvalitetssikringssistema ved dei tidlegare høgskulane vart godkjent av NOKUT i 2011 (HiB) og i 2015 (HiSF og HSH).

Det nye rammeverket omfattar all utdanning frå HVL. I tillegg til rammeverket har HVL eit dokument om det systematiske arbeidet med kvalitet i ph.d.-utdanningane. Det overordna målet for HVL sitt arbeid med kvalitet i utdanningane er at høgskulen skal danne og utdanne høgt kompetente kandidatar for arbeidslivet. Dette skjer gjennom målretta innsats på tre nivå: kvalitet i emne, kvalitet i studietilbod og kvalitet i studieportefølje.



Bilete frå HVL.no

Det er høgskulestyret som har det overordna ansvaret for arbeidet med kvalitet ved HVL, og den strategiske utviklinga av den samla studieportefølja. Rektor rapporterer til styret om det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanninga, og prorektørar for utdanning, forsking og samhandling er ansvarlege for kvalitet i høvesvis utdanningane, i ph.d.-utdanninga og for samspelet med arbeids-, nærings- og samfunnsliv.

Sentrale råd og utval i HVL sitt kvalitetsarbeid er:

- Utdanningsutvalet: er mellom anna rådgjevande for strategisk leiing i saker som gjeld utdanning.
- Læringsmiljøutvalet: rapporterer direkte til styret og er involvert i tiltak knytt til læringsmiljø.
- Det sentrale ph.d.-utvalet: er rådgjevande for strategisk leiing i saker som gjeld forskarutdanning
- Campusråd: er rådgjevande for strategisk leiing i saker som støttar målet om levande campus
- Fakultetsråd: er rådgjevande for dekan om kvalitetsarbeidet ved fakultet
- Studieprogramråd: er rådgjevande for studieprogramansvarleg og fakultetsleiing om kvalitetsarbeidet ved studieprogrammet
- Ph.d.-programutval: er rådgjevande for dekan i saker knytt til ph.d.-utdanninga.

Studentane ved HVL er representert i alle relevante råd og utval ved institusjonen. Studenttinget er det øvste politiske studentorganet og vart oppretta i 2017 etter fusjonen. Studenttinget har representasjon frå alle campus. Alle klasser har studenttillitsvalde som høyrer til eit av studentråda ved HVL.

3 Vurderingar og konklusjonar for dei enkelte krava i § 4-1. Krav til det systematiske kvalitetsarbeidet

Der ikkje anna er oppgitt viser paragrafnummer til studietilsynsforskrifta.

§ 4-1 (1)

Institusjonens kvalitetsarbeid skal være forankret i en strategi og dekke alle vesentlige områder av betydning for kvaliteten på studentenes læringsutbytte.

Vurderingar

HVL er ein arbeidslivsretta høgskule med universitetsambisjonar, og dette fokuset utgjer ein raud tråd i overordna strategi og underliggende styrande dokument. Verksemdmål 6 i strategien slår fast at «HVL skal vere attraktiv og tett på studentane sine og vere kjent for kvalitet i utdanninga». Høgskulen sitt *Rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL* (frå no: rammeverket) slår fast at målet for arbeidet med kvalitet i utdanningane er «å danne og utdanne høgt kompetente kandidatar for arbeidslivet» (Rammeverket, s. 4 , vedlegg 2). Dette indikerer at kvalitetsarbeidet skal vere med på å realisere HVL sine strategiske ambisjonar.

HVL konkretiserer sin strategi gjennom ulike grep. Mellom anna har dei fire fakulteta utvikle eigne fakultetsstrategiar våren 2019. HVL sin årsrapport synleggjer det arbeidet og dei resultat ein har oppnådd for dei ulike verksemdmåla. Årsrapport for 2018 har eit eige kapittel om kvalitet i utdanninga, ref. til verksemdmål 6 i strategien. Her vert det rapportert om rekruttering, gjennomstrøyming og kandidatproduksjon, studentane sin trivsel og tilfredsheit, utvikling av studentaktive lærings- og vurderingsformer, og tilgang på undervisning og samarbeid med arbeidslivet (årsrapport 2018-2019).

Det kanskje beste eksempelet på samspelet mellom institusjonens strategiske ambisjonar og kvalitetsarbeidet er koplinga til samfunns- og arbeidsliv gjennom studieprogramråda og fakultetsråda. HVL forpliktar seg – gjennom strategien – til å ta eit regionalt ansvar og å vere *tett på* samfunnet. Dette speglast i samansetjinga av studieprogramråda, der det skal vere ein representant frå samfunns- og arbeidsliv eller eksterne fagfeller. I fakultetsråda skal det vere tre eksterne representantar. På ein slik måte kjem samfunns- og arbeidsliv svært *tett på* utdanningane.

Med tanke på HVL sitt særlege fokus på arbeidslivsrelevans og praksisnærleik hadde komiteen sett føre seg at institusjonen gjorde bruk av kvalitetsområder som reflekterte HVL sin særegne profil. I staden viser HVL til NOKUTs standarddefinisjon på kvalitetsområder: «Kunnskapsbase, læringsbane, startkompetanse, læringsutbytte, utdanningsfagleg kompetanse, samfunn og arbeidsliv, læringsmiljø, programdesign og -leiring. Internasjonalisering er ein integrert del av kvart område.» (Rammeverket, s. 4, vedlegg 2). Sjølv om HVL står fritt til å velje sine kvalitet som omgrep vil komiteen likevel påpeike at HVL her har ei moglegheit til å ta større eigarskap til omgrepet utdanningskvalitet, og sørge for betre samspel mellom strategi og kvalitetsarbeid. Digitalisering, internasjonalisering og praksis er tre område som kunne blitt løfta tydelegare fram i rammeverket. Dei to første utgjer satsingsområder for HVL og sistnemnde er eit svært sentralt område grunna HVL sine mange profesjonsutdanninger.

Denne merknaden handlar ikkje om at HVL *ikkje* har fokus på internasjonalisering, digitalisering og praksis, men at desse områda med fordel kunne ha fått eit tydelegare fokus i kvalitetsarbeidet.

Komiteen saknar ein større refleksjon rundt bruken av NOKUTs standarddefinisjon på utdanningskvalitet og om det eksisterer, eller burde eksistere, ein HVL-definisjon av omgrepene utdanningskvalitet.

I følgje rammeverket tek HVL sitt arbeid med å sikre kvalitet i utdanninga utgangspunkt i dei allereie nemnde kvalitetsområda. Kvalitetsområda skal vurderast eksplisitt gjennom dei periodiske evalueringane og implisitt ved at ulike datakjelder til saman gjev eit kunnskapsgrunnlag for eit gitt kvalitetsområde. Komiteen meiner at HVL er tydelegare på kva objekt som skal vurderast (emne, studietilbod, studieportefølje), enn parametrane som desse objekta skal vurderast ut i frå. Dette gjeld særleg på emne- og studietilbodsnivå.

Det er likevel ikkje grunnlag for å mistenke at det er relevante kvalitetsområde som fell utanfor radaren til HVL sitt systematiske kvalitetsarbeid. Summen av ulike innsatsar vil gje eit bilet av kvalitetstilstanden innanfor dei nemnde kvalitetsområda. Komiteen oppmodar HVL til å tydeleggjere kvalitetsområda i rammeverket og samstundes tydeleggjere koordineringa av ulike innsatsar på ulike nivå (emne, studietilbod, studieportefølje). Komiteen har forståing for at dette arbeidet også bør tuftast på ei vurdering av kva som er hensiktsmessig, funksjonelt og relevant etter utprøving av rammeverket i praksis.

Konklusjon

Krava i studietsynsforskrifta § 4-1 (1) er oppfylt.

§ 4-1 (2)

Kvalitetsarbeidet skal være forankret i institusjonens styre og ledelse på alle nivåer. Institusjonen skal gjennom kvalitetsarbeidet bidra til å fremme en kvalitetskultur blant ansatte og studenter.

I dette kapittelet ligg også ei vurdering av kravet i universitets- og høyskoleloven som omhandlar koplinga mellom arbeidet med læringsmiljø og kvalitetsarbeid:

§ 4-3. Læringsmiljø

(4) Institusjonens arbeid med læringsmiljøet skal dokumenteres og inngå som en del av institusjonens interne system for kvalitetssikring etter § 1-6.

Vurderingar

Forankring

Det nye rammeverket for systematisk kvalitetsarbeid og tilhøyrande mandat synleggjer korleis kvalitetsarbeidet ved HVL er forankra i styre og leiing på alle nivå. Institusjonen har vidare tydelege dokument og kravspesifikasjoner for både funksjonar og råd/utval.

Institusjonsbesøket stadfesta at roller og ansvar i all hovudsak er tydelege for dei som innehar desse. HVL har likevel ei utfordring med å få dei nye strukturane godt implementert i organisasjonen. Det kan her nemnast at HVL står midt i opplæringsarbeidet av både funksjonar og råd/utval, eit arbeid som skal strekke seg ut over 2019. Dette vart særleg tydeleg kommunisert av kvalitetskoordinator og kan lesast ut frå den skriftlige dokumentasjonen, mellom anna i styresak 94/18 (vedlegg 5) og i rammeverket (vedlegg 2). Det faktum at utvikliga av rammeverket har vore godt forankra i institusjonen vil kunne gjere opplæringsarbeidet enklare. Komiteen har tiltru til at institusjonen vil utføre dette viktige opplæringsarbeidet på ein god måte.

Komiteen meiner at det vil kunne lette kvalitetsarbeidet dersom HVL i større grad nyttar funksjonsnamn og ikkje berre personnamn i viktige dokument, det være seg oppsummeringar frå kvalitetsdagar eller referat frå råd og utval. Ved å rette fokus på funksjon så vil det kome tydelegare fram kven som er delaktig og kven som har avgjerdsmynde i ulike saker. Dette vil igjen gjere det enklare for tilsette og studentar å forstå sin eigen organisasjon, og å bidra aktivt i kvalitetsarbeidet.

HVL har opna for at dei ulike fakulteta kan organisere seg på ulikt vis. Dette kan vere hensiktsmessig, mellom anna for å sikre ein organisasjonsstruktur som er «fit for purpose» på ulike nivå. Det er særleg organiseringa av Fakultet for Lærarutdanning, Kultur og Idrett (FLKI) som skil seg ut frå dei andre fakulteta. Sjølv om komiteen meiner det er positivt at dei ulike fakulteta får ein organisasjonsstruktur som tek utgangspunkt i eigenart og særtrekk, så verkar likevel strukturen ved FLKI som noko uklar på noverande tidspunkt. Særleg dei mange leiarfunksjonane kan gjere det vanskeleg å orientere seg i roller og ansvarsområder. Eit eksempel på dette kjem fram i referat frå GLU-teamet, der det hevdast at leiinga av GLU utfordrast av at institutta er delt etter fag og GLU-teamet etter utdanning (vedlegg 10, GLU). Dette inntrykket vart styrka gjennom institusjonsbesøket, og det er viktig at FLKI tydeleggjer si eiga organisering. Det er svært viktig at studentane ved FLKI får god kjennskap til dei ulike rollene og funksjonane som medverkar i kvalitetsarbeidet.

Rolla som studieprogramansvarleg, i kombinasjon med studieprogramråda og den studieadministrative støtta, skapar ei solid ramme rundt kvart einskild studietilbod ved HVL. Dette er ei tydeleggjering av det daglege ansvaret for utdanningskvaliteten på studietilbodsnivå. Ansvarsområda er framleis så nye at komiteen ikkje har fått vurdert korleis dei fungerer i praksis.

Kvalitetskultur

På trass av at fleire funksjonar og ansvarsområde enno ikkje har festa seg i organisasjonsstrukturen etterlet HVL eit inntrykk av ein institusjon der både tilsette og studentar blir sett og høyr i kvalitetsarbeidet. Særleg to eksempel kan trekkast fram i denne samanhengen: utviklinga av det nye rammeverket for systematisk kvalitetsarbeid og prioritering av indikatorar for arbeidet med den samla studieportefølja. I begge desse prosessane har store delar av institusjonen blitt involvert. Forslag til indikatorar vart i februar 2019 sendt på høyring til fakulteta, prorektorane, direktørane, Studenttinget, læringsmiljøutvalet og fagforeiningane (Møteprotokoll utdanningsutvalet, 18/07914, vedlegg 74), og dei siste høyringssvara er venta i april. Desse forankringsprosessane er viktige og tidkrevjande, og vil sannsynlegvis komme institusjonen til gode i det vidare arbeidet med både kvalitetsarbeidet og studieportefølja.

HVL har framleis ein veg å gå før systematikken i tilbakemeldingane til studentane om resultata fra ulike vurderingar fungerer saumlaust. Intensjonen er at alle resultat skal gjerast tilgjengelig i Canvas, men det verkar som at ikkje alle tilsette og studentar er klare over dette på noverande tidspunkt. Dette punktet vart også løfta fram i Studenttinget si utgreiing som vart send inn i samband med tilsynet. For at studentane skal ha reell medverknad i HVL sitt kvalitetsarbeid er dei avhengige av å få informasjon om kvalitetstilstanden. Studentane som komiteen fekk møte var likevel tydelege på at dei opplever å få informasjon om kvalitetsarbeidet ved direkte førespurnad til rette ansvarlege. Komiteen vurderer at denne utfordringa handlar om at opplæringa av emneansvarlege er i prosess, og at ein kan forvente at systematikken i tilbakemeldingane vil komme på plass i løpet av kort tid.

Som eit ledd i utviklinga av ein felles kvalitetskultur ved HVL har ein arrangert fakultetsvise kvalitetsdagar med fokus på utdanningskvalitet og kvalitetsarbeid. Det sentrale utdanningsutvalet er også ansvarlege for handsaminga av ein eigen HVL-kvalitetspris, som «skal anerkjenne medarbeidarar og fagmiljø som utmerker seg med framifrå undervisning, og bidra til å fremme kvalitet i undervisnings- og evalueringsformer» (Rammeverket, s. 10, vedlegg 2). Eit siste eksempel på arbeid som skal fremje kvalitetskultur ved den nye institusjonen er planar om ein årleg kvalitetkonferanse som skal sette fokus på utdanningskvalitet og systematisk kvalitetsarbeid. Ein planleggingskomité vart nedsett av utdanningsutvalet i februar 2019 (vedlegg 74).

Det noverande studentdemokratiet ved HVL er også eit resultatet av fusjonen i 2017. Studenttinget på Vestlandet (STVL) er det øvste politiske organet ved høgskulen, og held møter seks gonger i året ved dei ulike campusane. STVL har vidare ein representasjon som tek omsyn til fordelinga av studentmassen. Generelt er studentane positive til måten dei vert inkludert i kvalitetsarbeidet ved HVL. Fleire meiner at måten HVL er bygd opp på med mellom anna studieprogramråd, fakultetsråd og campusråd, gjev ei rekke ulike innsatsar for studentmedverknad i tillegg til dei meir ordinære kanalane som læringsmiljøutvalet, utdanningsutval og forskings- og innovasjonsutvalet. På lokalt nivå har studentane studentråd for kvar campus, og desse skal ivareta lokale saker. Ideelt sett skal denne arbeidsdelinga sørge for at STVL kan konsentrere seg om dei sakene som angår heile institusjonen. Organisasjonskonsulentar hjelper heile studentdemokratiet, og generelt er vilkåra for å drive

studentdemokrati gode ved HVL. I ulike intervju kom det likevel fram at det er ei potensiell utfordring at Campus Kronstad har ein anna struktur på sine studentråd, fire i stykket, og som vidare er organisert per fakultet. Dette bryt med arbeidsdelinga mellom det lokale og det institusjonsovergripande, sidan fakulteta rekk over heile HVL. Komiteen opplevde at dei tillitsvalde studentrepresentantane var opptekne av problemstillinga og ønskte å finne forslag til forbetingar.

Komiteen snakka med studentar utan tillitsverv som kom med innspel som langt på veg speglar den skriftlege dokumentasjonen og det som vart uttrykt frå dei studenttillitsvalde. Av utfordringar var det særleg vurderingar av praksis som vart løfta fram, og nokre opplevde at innspela i emneevalueringane ikkje alltid førte til forbeting. Studentane gav likevel inntrykk av ein institusjon der ein både blir sett og hørt, og at det er relativt lett å komme i kontakt med både underviserar og undervisningsleiarar som t.d. studieprogramansvarleg.

Avslutningsvis må også institusjonen sitt «Sei-i-frå»-system trekkast fram som ein del av HVL sin kvalitetskultur. Systemet synliggjer ein institusjon som aktivt opprettar kanalar for ulike formar for ytringar og som har eit ynskje om å få fram informasjon som kan gjere HVL betre.

Kopling til arbeidet med læringsmiljø

HVL sitt arbeid med læringsmiljø er synleg fleire stadar i kvalitetsarbeidet. Det er etablert gode linkar mellom læringsmiljøutvalet, utdanningsutvalet og Campusråda. Sistnemnde har eit særleg viktig ansvar for å ta hand om campusperspektivet i ein institusjon der den faglege og administrative organiseringa går på tvers av campus. Dei mobile prorektorane, alle med næransvar for kvar sin region, er også viktige for utviklinga av dei ulike campusane.

Det er god sirkulasjon og diskusjonar av relevante studentundersøkingar slik som SHoT-undersøkinga og Studiebarometeret. SHoT-undersøkinga frå 2018 har eit tydeleg campusperspektiv, og synleggjer på nokre område skilnadar mellom dei ulike studiestadane (vedlegg 72).

Konklusjon

Krava i studietilsynsforskrifta § 4-1 (2) er oppfylt.

Kravet i universitets- og høyskoleloven § 4-3 (4) er oppfylt.

§ 4-1 (3)

Institusjonen skal ha ordninger for å systematisk kontrollere at alle studietilbud tilfredsstiller kravene i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 3-1 til § 3-4 og kapittel 2 i denne forskrift.

I dette kapittelet ligg også ei vurdering av kravet i studiekvalitetsforskrifta om periodiske evalueringar av studietilboda:

§ 2-1. Krav til systematisk kvalitetsarbeid

(2) Institusjonene skal gjennomføre periodiske evalueringer av studietilbudene sine. Representanter fra arbeids- eller samfunnsliv, studenter og eksterne sakkyndige, som er relevante for studietilboden, skal bidra i evalueringene. Evalueringsresultatene skal være offentlige.

Vurderingar

Ordningar for systematisk kontroll

I rammeverket for systematisk kvalitetsarbeid viser HVL til ulike ordningar for å systematisk kontrollere studietilboda opp mot krav i lov og forskrift. Tre ordningar peikar seg ut som særleg viktige: akkreditering av nye studietilbod, reakkreditering gjennom periodiske evalueringar, og den årlege oppfølginga av alle studietilbod. Komiteen meiner at HVL fint kan gjere nytte av ulike ordningar for å imøtekomme kravet til internkontroll, men ordningane må henge godt saman og sørge for at alle studietilbod vert omfatta. Vidare er det viktig at dei ulike ordningane faktisk kontrollerer dei krava som HVL er pålagt å kontrollere. På noverande tidspunkt meiner komiteen at ordningane som HVL trekk fram ikkje er tilfredsstillande sett under eitt.

Akkreditering av nye studietilbod: Dekan er ansvarleg for prosessen fram mot akkreditering av nye studietilbod, og det er HVL sitt styre som fattar vedtak. Avdeling for utdanningskvalitet er ansvarleg for å sikre at formelle krav er oppfylt (Prosesskildring for etablering av nye studieprogram, vedlegg 51). Proseskildringa synleggjer ikkje korleis avdelinga skal gjere dette eller kva dokumentasjon som skal ligge til grunn for denne vurderinga.

Proseskildringa for samordning av studietilbod omfattar heller ikkje ei skildring av korleis krav i forskriftene vert møtt. I følgje referat frå Utdanningsutvalet kan det sjå ut som om denne proseskildringa ikkje er ferdig utarbeida (vedlegg 74, s. 7). Det er derfor usikkert korleis HVL har gått fram for å sikre at krava til fagmiljø har blitt oppfylt i samordningane av studietilbod. Det kjem ikkje fram av den skriftlege dokumentasjonen om HVL har vurdert utfordringar knytt til storleik og kompetancesamsetjingane i fagmiljøa som no skal levere samordna studietilbod på tvers av campus. Eit eksempel på dette er samordningane av bachelorutdanningane ved Fakultet for Helse- og Sosialvitskap (FHS) (vedlegg 17).

Reakkreditering gjennom periodiske evalueringar: I følgje rammeverket for systematisk kvalitetsarbeid verkar det som om reakkreditering av studietilbod er ein del av dei periodiske evalueringane ved HVL (jf. kap. fire i rammeverket, vedlegg 2). Reakkreditering vert løfta fram i proseskildringa for periodiske evalueringar, der siste punkt heiter «Handsame reakkreditering». Med

utgangspunkt i denne prosesskildringa kan det verke som at hovudpoenget med dei periodiske evalueringane er reakkreditering av studietilbod. Det kan tenkast at krava i studietsynsforskrifta til studietilboda (§2-1) og fagmiljø (§2-2) skal inngå i evalueringa og at relevant dokumentasjon for dette arbeidet skal samlast inn, men dette er uklart. Under institusjonsbesøket fekk komiteen ulike svar på spørsmålet om kva føremålet med dei periodiske evalueringane skulle være, og om dei periodiske evalueringane skulle ha ein tydeleg kontrollfunksjon.

Årleg oppfølging av alle studietilbod: Studieplanar skal reviderast årleg av studieprogramansvarleg, og rammeverket viser til ei eiga prosesskildring for revidering av studieplanar. Denne er ikkje å finne i vedlagt dokumentasjon eller i kvalitetshandboka på nett. Det er derfor ikkje mogleg å vurdere på noverande tidspunkt om kontroll av forskriftskrav inngår som ein del av den årlege revideringa av studieplanar.

I mandatet til studieprogramråd er det slått fast at rådet «skal gje råd til dekan, institutt- og studieprogramleiing om utdanninga tilfredsstiller forskrifter og rammeplanar». Det er uklart korleis rådet skal vurdere krav i forskriftene, og kva dokumentasjon denne vurderinga skal tuftast på. Vurdering av fagmiljø vert ikkje nemnd under rekka av «kjerneprosess/støtteprosess» i prosesskildringa (vedlegg 41).

HVL slår fast i friteksta til dokumentasjon av §4-1(3) at ein etter implementering av TimeEdit/PlanEdit vil kunne følge opp kompetansen til fagmiljøet knytt til studietilbodet (side 15). Det er ikkje slått fast kven som skal gjere dette. Det er uklart korleis systemet vil bli sjåande ut og om det vil gje tilstrekkeleg kontroll. I intervjua refererer prodekan for utdanningskvalitet (FLKI) og kvalitetskoordinator til PlanEdit som HVLs nye kompetansekartleggingsverktøy. I følge desse skal PlanEdit koplast til både den årlege oppfølginga av studietilboda og dei periodiske evalueringane. Komiteen meiner at PlanEdit har potensiale til å bli eit godt verktøy for internkontroll av studietilboda.

Kombinasjonen av mange ulike ordningar og at desse ordningane kvar for seg, og samla sett, ikkje tydeleggjer korleis institusjonen *systematisk* kontrollerer at alle studietilbod tilfredsstiller krava i forskriftene, gjer at komiteen ikkje kan sjå at § 4-1(3) er oppfylt. Komiteen meiner likevel at HVL er på god veg i dette arbeidet, og at institusjonen med relativt enkle grep vil kunne imøtekommе kravet. Dette gjeld i all hovudsak ei tydeleggjering av korleis institusjonen, på ein systematisk måte, vil kontrollere krava til fagmiljø.

Periodiske evalueringar

HVL skriv i leserettleiinga at det ikkje har blitt gjennomført ordinære periodiske evalueringar av studietilbod i 2017 og 2018 på grunn av fusjonen. Ein pilot for periodiske evalueringar skal starte opp hausten 2019. Institusjonen kan dokumentere programevalueringar for bachelor i nautikk og master i IKT i læring frå tida tett opp til fusjonen (jf. Programevaluering nautikk, vedlegg 17 og Programevaluering master IKT i læring, vedlegg 35). Sjølv om HVL ikkje har gjennomført ordinære periodiske evalueringar i fasa etter fusjonen har dei likevel evaluert fleire studietilbod gjennom omfattande samordningsprosessar. HVL skriv sjølv at «Samordningsprosessane vil i denne fasa på mange måtar erstatte periodiske evalueringar av studieprogram» (lesarettleiinga til §2-1(2), side 6). Samordningsprosessane for dei ulike fagområda har hatt eigne referansegrupper med eksterne representasjon i tråd med kravet i kvalitetsforskrifta. Komiteen meiner at HVL sitt fokus på evaluering

gjennom samordning av studietilbod har vore eit klokt grep i ei fase med svært mange ulike pågåande prosessar.

Komiteen ser at HVL er på god veg i sitt arbeid med periodiske evalueringar av studietilboda. Revidert prosesskildring og utval av studietilbod for pilotering vart vedteke av utdanningsutvalet i møte 12.02.19. Det opphavlege forslaget frå avdeling for utdanningskvalitet til utdanningsutvalet omfatta åtte studietilbod, av dette to studietilbod for kvart fakultet (Rulleringsplan for periodiske evalueringar, vedlegg 19). Utdanningsutvalet fatta vedtak om iverksetting av evaluering av tre studietilbod ved to fakultet: bachelor i idrett, fysisk aktivitet og helse, Sogndal og master i barnehagevitenskap, Bergen (FLKI) og master i brannsikkerheit (FIN) (saknr. 4/19, vedlegg 74). Fastsetjing av rulleringsplan for periodiske evalueringar for perioden 2019 – 2025 vil finne stad i november 2019. Samansetjinga av evalueringskomiteen vil, i følgje prosesskildringa for periodiske evalueringar, vere i tråd med kravet i kvalitetsforskrifta § 2-1(2).

Det er noko uklart kva HVL ynskjer å oppnå gjennom dei periodiske evalueringane og prosesskildringa for periodiske evalueringar manglar eit tydeleg føremål. I den skriftlige dokumentasjonen kjem det fram at dei periodiske evalueringane skal ta utgangspunkt i høgskulen sine definerte kvalitetsområde, ref. til komiteens vurderingar på side 3-4 i denne rapporten. Her har HVL ei god moglegheit til å spisse kvalitetsarbeidet sitt ved å legge til rette for god ansvarsdeling mellom ulike evaluatings- og vurderingsverkemiddel.

På bakgrunn av evaluatingsarbeidet forut for fusjonen, evalueringane gjennom samordning av studietilbod i fusjonsfasen, og dei konkrete planane for pilot for periodisk evaluering hausten 2019 vurderer komiteen at kravet om periodisk evaluering er godkjent.

Konklusjon

Kravet i studietsynsforskrifta § 4-1 (3) er ikkje oppfylt.

Kravet i studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) er oppfylt

Manglar som må rettast opp

HVL må tydeleggjere i rammeverket for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane at institusjonen har ordningar for å systematisk kontrollere at alle studietilbod tilfredsstiller krav i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 3-1 til § 3-4 og kapittel 2 i forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning. Dette gjeld særleg ei tydeleggjering av kven som er ansvarleg for kontroll av krava til fagmiljø i studietsynsforskrifta §2-3, og korleis denne kontrollen gjennomførast.

Komiteen oppmodar HVL til å gjere god bruk av rutinar og funksjonar som allereie er oppretta, og å unngå at kontrollverksemda blir unødvendig omfattande. HVL bør også vurdere kva krav som bør kontrollerast årleg og kva krav som med fordel kan kontrollerast sjeldnare.

§ 4-1 (4)

Institusjonen skal systematisk innhente informasjon fra relevante kilder for å kunne vurdere kvaliteten i alle studietilbud.

Vurderingar

HVL hentar inn informasjon frå ei rekke ulike kjelder som legg grunnlaget for vurderingar av kvaliteten i studietilboda. Den viktigaste kjelda i HVL sitt kvalitetsarbeid er studentane sjølve, som vert involvert gjennom ei rekke ulike studentevalueringar (interne og eksterne) og gjennom deltaking i råd og utval ved høgskulen. Det er tydeleg at HVL er opptekne av å få fram studentperspektivet i kvalitetssikringa. For at studentane si stemme skal komme til sin rett så er det viktig at HVL ser til at omfang og form på dei ulike evalueringane er føremålstenleg. Komiteen oppmodar også HVL til å sørge for at studentevalueringar ikkje står aleine som kjeldegrunnlag ved vurdering av kvaliteten i studietilboda.

HVL gjer god bruk av eksterne kjelder i kvalitetsarbeidet. Mellom anna nyttast ekstern sensor hyppig ved sensur, og sensor legg fram ein sensorrapport som mellom anna inneholder ei fagleg vurdering av kvalitet på innhald i emneplan. Dette er ei god ordning for å sikre ekstern fagfellevurdering av emna ved HVL (jf. sensorrapport, vedlegg 60). Representantar frå arbeids- og samfunnsliv sit i dei ulike studieprogramråda og fakultetsråda, vert såleis involvert i den årlege revideringa av studieplanar. HVL kan med fordel løfte fram denne ordninga i rammeverket, då det ikkje tydeleggjerast at samansetjinga av studieprogramråda i seg sjølv legg til rette for viktige eksterne informasjonskjelder for kvalitetsarbeidet. Det at HVL har ein aktiv prorektor for samhandling, og at HVL deltek i ei rekke samarbeidsorgan som t.d. Kompetanseforum Hordaland, er med på å opne kanalar for informasjon frå samfunns- og arbeidsliv. Komiteen oppmodar HVL til å ytterlegare systematisere den potensielt store straumen av eksterne kjelder slik at det vil være mogleg å følgje spor/ tematikkar over tid.

Komiteen vurderer at det er positivt at HVL nyttar verktøy som Tableau for å gje leiinga på ulike nivå gode nøkkeltall som kan nyttast i sikringa og utviklinga av studietilboda. HVL har ein ambisjon om at nøkkeltala som skal nyttast i dei årlege vurderingane av studietilboda også skal nyttast i den strategiske gjennomgangen av studieporteføljen på institusjonsnivå. Dette meiner komiteen er eit smart grep då det vil sikre samanheng i HVL sitt kunnskapsgrunnlag frå studietilbodsnivå til institusjonsnivå.

Kva angår praksis så verkar HVL sterke på samhandling med praksisfeltet, og det satsast stort på kvalifisering av praksisrettlearar og utvikling av gode samarbeidsrelasjonar. Likevel har HVL eit forbettingspotensiale når det kjem til evaluering av praksis. Dette omfattar både evaluering av studentopplevelinga og evaluering av praksisrettlearars oppleveling. Rammeverket seier ikkje korleis evaluering av praksis skal gjennomførast, og her går HVL glipp av potensielt viktig informasjon. Fleire studentar kan kvi seg for å gje ikkje-anonyme tilbakemeldingar frå praksisopphaldet då dei er redd for at dette kan påverke vurdering av praksis eller moglegheitene for framtidig tilsetjing ved praksisstaden. Praksisrettlearane vil også kunne gje mykje nyttig informasjon om kvaliteten i utdanningane, for eksempel om dei opplever at studentane er fagleg rusta for praksisopphaldet. Studenttinget si utgreiing var også tydeleg på at HVL har eit forbettingspotensiale på dette området. Komiteen understrekar at HVL sjølv definerer kva kjelder som skal inngå i informasjonsinnsamlinga,

men vil likevel rådgje institusjonen til å vurdere ein betre systematikk i innsamlinga av informasjon frå studentar i praksis og praksisrettleiarar, samt at dette tydeleggjerast i større grad i rammeverket.

Systematikken i innsamlinga av informasjon frå ph.d.-utdanningane ved HVL verkar på noverande tidspunkt å fungere gitt dagens omfang av ph.d.-studentar. Likevel er det verdt å ha i mente at volumet på stipendiatar kjem til å auke dei neste åra, ikkje minst på grunn av HVL sine nyakkrediterte ph.d.-program. Fleire av undersøkingane som vert nytta i HVL sitt kvalitetsarbeid, mellom anna studiebarometeret, kandidatundersøkinga og undersøkinga om startkompetanse, omfattar ikkje ph.d.-nivået. Det vil vere viktig for HVL at informasjonsinnsamlinga også på ph.d.-nivået vert utvida og i større grad systematisert som ein konsekvens av auka volum.

Konklusjon

Kravet i studietsynsforskrifta § 4-1 (4) er oppfylt.

§ 4-1 (5)

Kunnskap fra kvalitetsarbeidet skal brukes til å utvikle kvaliteten i studietilbudene og avdekke eventuelt sviktende kvalitet. Sviktende kvalitet skal rettes opp innen rimelig tid.

Vurderingar

Sidan HVL sitt noverande system for systematisk kvalitetsarbeid er nytt frå januar 2019 er det på noverande tidspunkt vanskeleg å vurdere den faktiske bruken av kunnskapen frå kvalitetsarbeidet. Komiteen si vurdering av § 4-1(5) er derfor i stor grad tufta på vurderinga av §4-1(4), som omfattar innsamling av informasjon, og §4-1(2), som omfatta forankring av kvalitetsarbeidet i styret og leiing og fremjing av kvalitetskultur.

Komiteen meiner at HVL har gode føresetnader for å gjøre bruk av kunnskapen frå kvalitetsarbeidet til å vidareutvikle kvaliteten i studietilboda. Den utstreckte bruken av råd og utval sikrar forum der resultat frå kvalitetsarbeidet vil bli diskutert og handsama på eit føremålstenleg nivå. HVL dokumenterer også at dei er godt i gang med implementeringa av det nye rammeverket, og kan vise til mandat og referat frå dei møta i gamle og nye råd (t.d. læringsmiljøutvalet, campusråda, utdanningsutvalet, og ulike studieprogramråd).

Sjølv om HVL må vente eit semester eller to for å kunne ta i bruk mykje av kunnskapen som kjem ifrå dei nye rutinane i rammeverket (t.d. årleg gjennomgang av studietilboda og liknande), kan HVL vise til at dei allereie brukar noko av informasjonen som skal komme i frå systemet. Døme på dette er den dokumenterte gjennomgangen av studiebarometeret for 2017, SHoT-undersøkinga frå 2018 og ei kandidatundersøking som vart gjennomført hausten 2018 saman med UiB og NHH. Ansvaret for oppfølging av desse undersøkingane er tydeleggjort. HVL har også laga eit nytt felles Sei ifrå-system. Eit referat frå læringsmiljøutvalet viser at studentane ikkje brukte sei ifrå-systemet i stor grad i 2018, anten fordi dei ikkje visste om systemet eller fordi dei ikkje fann fram til nettstaden (vedlegg 31). I intervjuet kom det fram at HVL, som følgje av dette, nylig hadde gjennomført ei sei ifrå-kampanje for å auke merksemda om systemet (intervju med administrativt tilsette og med læringsmiljøutvalet og campusråd Stord).

Det er uklart for komiteen om rammeverket for det systematiske kvalitetsarbeidet vil gje HVL tilstrekkelig informasjon om praksis til å kunne både utvikle kvaliteten i praksis og avdekke sviktande kvalitet i praksis. Dette punktet er nært knytt til vurderinga av §4-1(4), der komiteen oppmodar HVL til å vurdere ei meir systematisk oppfølging av både studentar i praksis og av praksisrettleiarar.

HVL har hatt ein grundig forankringsprosess av det nye rammeverket og er godt i gang med implementeringa. Rammeverket er lagt opp på ein måte som gjer at komiteen har tillit til at HVL vil kunne bruke kunnskap frå systemet til å utvikle kvaliteten i studietilboda, avdekke og rette opp eventuelt sviktande kvalitet.

Konklusjon

Krava i studietsynsforskrifta § 4-1 (5) er oppfylt.

§ 4-1 (6)

Resultater fra kvalitetsarbeidet skal inngå i kunnskapsgrunnlaget ved vurdering og strategisk utvikling av institusjonens samlede studieportefølje

Vurderingar

HVL har vald ein tydelig modell for innsamling av informasjon og vurdering av den samla studieportefølja i rammeverket for kvalitetssystemet. Det er lagt opp til ei årleg vurdering og strategisk utvikling av studieportefølja på fakultetsnivå som dekan er ansvarleg for. I tillegg skal styret gjere ei samla vurdering av studieportefølja ein gang per styreperiode. Det kjem tydeleg fram i rammeverket at vurderingane skal gjerast på bakgrunn av kunnskap frå kvalitetsarbeidet og rutinane for denne modellen er godt dokumentert (jf. rammeverket, vedlegg 2; årshjul for høgskulestyret, vedlegg 14). HVL er på noverande tidspunkt i gang med å velje indikatorar for vurdering av studieportefølja, og indikatorane skal ta utgangspunkt i SEFØ-modellen sine overordna kriterier: strategisk betydning, etterspørsel, faglig bærekraft og økonomisk bærekraft. Forslaget til indikatorar var på høyring i organisasjonen samstundes som komiteen var på institusjonsbesøk. Det framkom tydeleg for komiteen at det var lagt opp til mange innspelsmøte i prosessen. Som tidegare nemnt under vurdering av §4-1 (2) så ser komiteen at det gjerast eit omfattande forankringsarbeid.

HVL har, som følgje av fusjonen, eit tydeleg fokus på eiga studieportefølje. Gjennom pågåande samordningsprosessar vert det lagt ned ein stor innsats for å vurdere og utvikle studieportefølja (sjå Prosjektplan samkøyring og utvikling av bachelorutdanningane ved FHS, vedlegg 17; Samordningsprosjektet BSV, vedlegg 18). Ei rekke styresaker viser gjennomgang av studieporteføljen og vurderingar av forslag til nye studietilbod (sjå mellom anna styresak 93/18, vedlegg 54; 48/18, vedlegg 71).

Sidan rammeverket for kvalitetsarbeidet ved HVL er nytt er det ikkje mogleg for komiteen å vurdere *om* HVL nyttar resultat frå kvalitetsarbeidet ved vurdering og strategisk utvikling av studieportefølja. På bakgrunn av rammeverket, og ikkje minst den omfattande prosessen frem mot felles indikatorar, så har komiteen tillit til at HVL vil nytte resultata frå kvalitetsarbeidet når desse er klare.

Konklusjon

Krava i studietsynsforskrifta § 4-1 (6) er oppfylt.

4 Komiteens overordna konklusjon for det systematiske kvalitetsarbeidet ved HVL

Konklusjon

Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen på Vestlandet har enkelte manglar: Kravet i studietilsynsforskrifta § 4-1 (3) er ikke oppfylt. Mangelen er av ein slik art at institusjonen må gjennomføre enkle tiltak for at dei sakkunnige skal ha tillit til at det systematiske kvalitetsarbeidet sikrar og videreutviklar kvaliteten i utdanningane.

Manglar som må rettast opp

HVL må tydeleggjere i rammeverket for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane at institusjonen har ordninga for å systematisk kontrollere at alle studietilbod tilfredsstiller krav i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 3-1 til § 3-4 og kapittel 2 i forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning. Dette gjeld særleg ei tydeleggjering av kven som er ansvarleg for kontroll av krava til fagmiljø i studietilsynsforskrifta §2-3, og korleis denne gjennomførast.

Komiteen oppmodar HVL til å gjere god bruk av rutinar og funksjonar som allereie er oppretta, og å unngå at kontrollverksemda blir unødvendig omfattande. HVL bør også vurdere kva krav som bør kontrollerast årleg og kva krav som med fordel kan kontrollerast sjeldnare.

5 Vedlegg

Råd til vidareutvikling av det systematiske kvalitetsarbeidet ved HVL

- Komiteen oppmodar HVL om å ta større eigarskap til omgrepet utdanningskvalitet for å sikre at kvalitetsarbeidet samsvarar med HVL sin eigenart og særtrekk. HVL har ei god moglegheit til å gjere dette gjennom å fastslå eigne kvalitetsområder som reflekterer både fagleg profil og langsiktige satsingsområder.
- Komiteen meiner at HVL med fordel kan tydeleggjere leiingsstrukturen ved FLSI, og sørge for at denne vert formidla på ein god måte til studentane.
- Komiteen oppmodar HVL om å sjå til at studentevalueringar, både interne og eksterne (t.d. Studiebarometeret) ikkje står aleine som kjelder når kvaliteten i emne eller studietilbod skal vurderast.
- Komiteen oppmodar HVL om å tydeliggjere og systematisere bruken av eksterne kjelder i kvalitetssikringssystemet. Komiteen meiner at bruken av eksterne kjelder er større enn rammeverket gjev uttrykk for. Tydeleggjering og systematisering vil potensielt kunne frigjere ressursar ved at ein unngår dobbeltarbeid, og det vil også gjere det mogleg å følgje spor eller kvalitetsområde over tid.
- Komiteen meiner at praksis med fordel bør løftast opp og fram i HVL sitt kvalitetssikringssystem og foreslår dette som eit mogleg kvalitetsområde. Komiteen tilrår vidare at HVL aktivt innhentar informasjon frå studentar og studenttettleiarar i og etter praksisopphald, og at dette gjerast på ein måte som tek attersyn til at studentane ofte vil kvi seg for å opent kritisere ein praksisplass.
- Komiteen meiner at HVL med fordel kan definere eit tydeleg formål for dei periodiske evalueringane, og synleggjere kva funksjon desse evalueringane skal spele i kvalitetsarbeidet. Det vil være resurssparande at desse evalueringane ikkje overlappar med andre innsatsar. Dette gjeld særleg den årlege rapporteringa for kvart studietilbod, og funksjonen til studieprogramråda som har god representasjon av eksterne partar. Komiteen oppmodar HVL til å diskutere fordeler og ulemper ved å nytte periodiske evalueringane som eit kontrollverkemiddel versus eit utviklingsverkemiddel. Komiteen meiner avslutningsvis at HVL, gjennom dei periodiske evalueringane, har ei flott moglegheit til å undersøke tematikkar som er strategisk viktige eller utfordrande for institusjonen.
- Komiteen oppmodar HVL til å systematisere informasjonsinnehentinga på ph.d.-nivået og sørge for at kvalitetsarbeidet også på dette nivået står stødig når studentvolumet aukar.

6 Fråsegn frå institusjonen



Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT)

Postboks 578

1327 LYSAKER

Deres ref.:

Vår ref.:
18/03367-20

Dato:
10.09.19

Uttale til rapport frå sakkunnig komité for tilsynet med kvalitetsarbeidet ved Høgskulen på Vestlandet

Vi viser til tilsendt rapport frå sakkunnig komité for tilsynet med kvalitetsarbeidet ved Høgskulen på Vestlandet, mottatt 21.juni 2019, med frist for uttale 10. september 2019.

HVL vil takke komitéén for det grundige arbeidet som er gjort i samband med lesing av innsendt dokumentasjon, gjennomføring av institusjonsbesøket og utarbeiding av rapporten.

Tilbakemeldingane i rapporten og råd til vidareutvikling vil vi innarbeide i det vidare arbeidet med utvikling og implementering av det systematiske kvalitetsarbeidet ved HVL.

Rammeverket for nytt felles system for arbeid med kvalitet i utdanningane vart vedteke av høgskulestyret i november 2018. På det tidspunktet vi hadde tilsyn var det framleis ein del innhald som ikkje var ferdig utvikla, og mange av prosessane var ikkje gjennomført. I tillegg har HVL revidert forskrift for studium og eksamen, gjeldande frå 1. august 2019.

HVL opplever at rapporten frå sakkunnig komité gir eit godt bilete av status for det systematiske arbeidet med kvalitet i HVL på det tidspunktet tilsynet vart gjennomført. Vi er glade for å få tilbakemelding om at vi er på rett veg i utviklinga av systemet. Særleg er vi glade for at komitéén har lagt merke til at vi har lagt vekt på forankring i arbeidet med utvikling av nytt felles kvalitetssystem for den nye institusjonen. Tirlådingane komiteen kjem med er også nyttelege og i stor grad i tråd med dei områda vi har valt å ha særleg fokus på i 2019.

Vi fekk enkelte manglar på kravet i studietsynsforskrifta § 4-1 (3). Dette gjeld særleg ei tydleggjering av kven som er ansvarleg for kontroll av krava til fagmiljø og korleis dette blir følgt opp.

HVL har allereie gjennomført nokre relevante tiltak på dette området. I tråd med tilbakemeldingane frå den sakkunnige komitéen er tiltaka i hovudsak direkte knytt til prosessane som allereie er skildra i det systematiske arbeidet med kvalitet. Vi vil først omtale implementeringa av ressurs- og personalplanleggingsverktøyet TE-plan, og vise korleis dette systemet vil gi grunnlag for å følgje opp

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Telefon
+47 55585800
Internett
www.hvl.no
Org.nr. 917 641 404

Fakturaadresse
Høgskulen på Vestlandet
Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
0164 Oslo

Avdeling
UTD - Avdeling for
utdanningskvalitet

Saksbehandler
Sofrid Kjøberg
Telefon: +4740623215

at krav til fagmiljø er oppfylt. Vidare viser vi korleis vi følgjer opp krav til fagmiljø i samband med akkreditering, årleg oppfølging og periodiske evalueringar av studietilbod ved HVL.

TE plan

TE Plan (tidlegare PlanEdit) er eit ressurs- og personalplanleggingsverktøy. HVL er i ferd med å implementere TE plan for å kunne følgje opp fagmiljøet på studieprogram- og emnenivå. I dette verktøyet går dei fagtilsette sine arbeidsplanar fram, dvs. alle aktivitetar/oppgåver som blir utført på eit fakultet/institutt i løpet av eitt studieår, tal timer som er tildelt kvar aktivitet/oppgåve og kven som utfører aktivitetene. Aktivitetane er organisert i fem tidskategoriar; Undervisning, FOU, Fagleg fornying, Administrasjon og Andre oppgåver. Ved oppstarten av studieåret 2019/20 har dei to største fakulteta implementert TE-plan. Dei to siste fakulteta har starta å bruke TE-plan og vil fullt ut ha lagt inn sine arbeidsplanar i løpet av inneverande studieår. HVL legg vekt på opplæring og felles forståing av kva ein legg i dei ulike tidskategoriene i samband med implementeringa.

TE Plan er utvikla av TimeEdit, og har integrasjon til Felles studentsystem (FS) og timeplanleggingsprogrammet TimeEdit. Det betyr at data knytt til emne/studieprogram, faglærarar, tal studentar, og personaldata som til dømes stillingskategori blir overført direkte frå FS og TimeEdit til TE Plan. Frå programmet er det difor mogleg å hente ut ei rekke rapportar, som mellom anna viser del førstekompetanse på studieprogram- og emnenivå. Desse rapportane vil ligge til grunn for sak med oppfølging av fagmiljø i studieprogramråda og den overordna oppfølginga av fagmiljøet på institutt- og fakultetsnivå.

Akkreditering av nye studietilbod

Jamfør HVL sin forskrift om studium og eksamen er det styret sjølv som etablerer studietilbod over 60 studiepoeng. Dekanen sjølv etablerer studietilbod inntil 60 studiepoeng. Ved akkreditering av nye studietilbod der HVL er sjølvakkrediterande, er vurdering av fagmiljø ein del av sakstilfanget både når det er dekan og styret som godkjenner etableringa av studietilboden.

HVL kan sjølv akkreditere bachelorprogram, og akkreditere masterprogram som er innanfor høgskulen sine ph.d-områder. Fakulteta utarbeider søknad om akkreditering etter mal, der dei mellom anna skal dokumentere at aktuelle kriterium i studietsynsforskrift og studiekvalitetsforskrifta er oppfylt. Krav til fagmiljø er eitt av desse kriteria. Søknad med komplett studieplan blir sak i Utdanningsutvalet. Utdanningsutvalet godkjenner studieplan ut frå vurdering av om gjeldande lover og forskrifter er innfridd. Styret kan vedta etablering av nytt studieprogram når Utdanningsutvalet har godkjent studieplanen for studiet. Styret vurderer saka ut frå vedtak i UU og vurderingar av SEFØ (Strategi, Etterspørsel, Fagleg berekraft og Økonomi) i modell for studieportefølje.

Årleg oppfølging av alle studietilbod

På årleg basis godkjenner dekan reviderte studie- og emneplanar. Studieprogramansvarleg og studieprogramrådet har ansvar for oppfølging og koordinering av arbeid med kvalitet. I tråd med tilrådinga frå komitéen er rapport om status for fagmiljø lagt inn i årshjulet for studieprogramrådet. Dekan har til ei kvar tid ansvar for at studieprogramma har fagmiljø som stettar krava i studietsynsforskrifta.

Reakkreditering gjennom periodiske evalueringar

Den som i høve forskrift har akkrediteringsmynde handsamar reakkreditering av studieprogrammet. Dei periodiske evalueringane ligg til grunn for reakkreditering.

Våren 2019 sette HVL i gang fire pilotar på periodiske evalueringar av studieprogram: eitt på bachelornivå, to på masternivå og eit ph.d.-program. Rapport med oversikt over fagmiljøet ligg til grunn for studieprogrammansvarleg sin sjølvevaluering, som mellom anna inneheldt vurderingar av om krav i studietsynsforskrifta kapittel to er oppfylt. Vidare er krava til fagmiljø eitt av områda evalueringskomitéen vurderer.

Når dei fire pilot-evalueringane er gjennomført vil Utdanningsutvalet i februar 2020 få seg lagt føre ei sak for å vurdere evaluatingsdesignet, inkludert ei vurdering av om evalueringane gir tilstrekkeleg grunnlag for reakkreditering (der HVL er sjølvakkrediterande).

Vi takkar for tilbakemeldingane i rapporten og ser fram til vidare samarbeid.

Med helsing

Bjørg Kristin Selvik
Prorektor for utdanning

Solfrid Kjoberg
Avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrivne signaturar.